

Fra: Ole Vegard Skauge

Sendt: 21.01.2016 17:22:35

Til: Vindedal, Kristi; Løvdal, Jostein; Gaukstad, Even; Hoel, Ragnhild

Kopi: Tore Slitting

Emne: KULA - skisse til møteserie i Hordaland

Vedlegg: image001.gif;image002.png

For alternativ 1 ser dag 1 mest kritisk ut. På E16 er det ofte uønska hendingar, ras, utbetringsarbeid og trafikkdirigering, og vegen til og frå Ulvik er ikkje den gjevaste.

På dag 2 skal det være ok. Dag 3 er nesten sikkert ok, dersom ikkje noko ekstraordinært skjer. Flyet rekk ein truleg, men det kan være lurt å ta flyet kl 17.00 for margin.

Forsøk på å rekne inn plan B for alle køyreruter:

For alternativ 1 kan det vurderast å reise til Bergen på mandag ettermiddag, og køyre bil til Ulvik om kvelden. Vi kan då velje mellom 2 ruter, kan tole forseinkingar, men er truleg framme før kl 21. Då kan vi ta til om morgenon på tysdag, og kan legge inn god margin for å ta oss til Eidfjord for møte seint på føremiddagen enten langs stranda eller over fjellet til Hardangerbrua slik at vi kan kome til overnattinga i Lofthus. Etter møte med Ullensvang Herad onsdags morgen kan vi ha som plan B å køyre tilbake over brua, og ha 2 ferjeavganger vi kan rekke Gjermundshamn-Årsnes, men vil då være framme i Rosendal hhv 13.30 eller 13.45. Ved plan B vil det då verte kort møte, eller forskyving, men ikkje avlysing. Vidare til Fitjar om kvelden har vi to vegar vi kan ta, faktisk 3, for å kome til Fitjar om kvelden. Derfrå går torsdagen greitt. Hovedfordelen med å kome til Bergen måndag ettermiddag er at vi er sikra avvikling av dag 1 – tysdag – der risikoen og avstandane er størst. Derfrå har vi marginar og alternativ for resten av turen.

For alternativ 2 kan det også vurderast å dra til Bergen mandag ettermiddag, og køyre bil til Eidfjord om kvelden. Vi kan då tole forseinkingar, men er truleg framme før kl. 21. Då kan vi ta til tidlig om morgenon på tysdag, og være ferdig med Ullensvang ca 15. Då har vi god til til å kome oss til Rosendal, og fleire alternative vegar, og vi kan ta inn på hotell der tysdags kveld slik at framdrifta er sikra. Då kan vi køyre både tur og retur via ferje til Etne om Skålevik dersom vi veit at Seljestadjuvet er problematisk (onsdag). Vi har då 2 rutevalg. Her kan vi også med fordel rokere møta, og ta Rosendal først og Etne sist. Då kan vi køyre E134 via E39 til Fitjar, ein köyretur på 1 time 45 minutt. Dag 3 går fint. Som ved alternativ 1 er hovedfordelen med å kome til Bergen mandag ettermiddag at vi er sikra avvikling av dag 1 – tysdag – der risikoen og avstandane er størst. Derfrå har vi marginar og alternativ for resten av turen.

Ved å reise til Bergen måndag ettermiddag skulle vi være rimeleg sikre på avviklinga av møte med alle kommunane. Om det har gått ras på absolutt *alle* strekningane får vi ta fram ei god bok.

Det er no opp til dykk, trur eg, å velje rute.

Med helsing,

Ole Vegard Skauge

Spesialrådgjever

Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf: 55 37 80 57

www.hordaland.no

Fra: Vindedal, Kristi [<mailto:kristi.vindedal@ra.no>]

Sendt: 21. januar 2016 13:42

Til: Ole Vegard Skauge; Løvdal, Jostein; Gaukstad, Even; Hoel, Ragnhild

Kopi: Tore Slinnings

Emne: SV: KULA - skisse til møteserie i Hordaland

Eg ser at det fort kan ryka viss noko ikkje klaffar heilt. Eit alternativ er å kutte både Ulvik og Etne.

Kva seier de?

Kristi

Fra: Ole Vegard Skauge [<mailto:Ole.Vegard.Skauge@hfk.no>]

Sendt: 20. januar 2016 18:13

Til: Vindedal, Kristi; Løvdal, Jostein; Gaukstad, Even; Hoel, Ragnhild

Kopi: Tore Slinnings

Emne: KULA - skisse til møteserie i Hordaland

Hei alle.

Alt nedanfor er vi samde om.

Det er nokre merknader til reiseruta i vedlegget, merka med raudt. Opplegget let seg likevel gjennomføre dersom vi ikkje treff på vegarbeid eller stengte vegar, då kan det verte litt travelt.

Kristi – Opplegget er realistisk, men her er på fleire tidspunkt vanskeleg å kome med ein plan B dersom noko hender. Det er altså ein risiko for avlysingar i så tilfelle.

Men vi får sjå når kommunane har spelt tilbake når dei kan.

Om vi må velje tenkjer eg at Etne, som formelt er med i forslaget, kan prioriterast framfor Ulvik, som har teke til orde for seg sjølv.

Ser fram til å sjå dykk alle!

Med helsing,

Ole Vegard Skauge

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf: 55 37 80 57

www.hordaland.no

Fra: Vindedal, Kristi [<mailto:kristi.vindedal@ra.no>]

Sendt: 18. januar 2016 13:41

Til: Løvdal, Jostein; Gaukstad, Even; Hoel, Ragnhild; Ole Vegard Skauge

Emne: KULA - skisse til møteserie i Hordaland

1., 2. og 3.mars er foreløpig sett av til møte med kommunar i Hordaland.

Vi må ha møte med:

Fitjar og Bømlo. Begge har foreslått arealreduksjon for området Fitjarøyane. Bømlo har foreslått arealreduksjon for Søre Bømlo

Kvinnherad har foreslått arealreduksjon.
Ullensvang har bedt spesielt om møte.
Eidfjord. Har ikkje uttalt seg. Området er stort, skal reduserast

Foreslår at vi ikkje har møte med:

Austreim, Lindås, Radøy. Mindre merknader frå desse.
Bergen. Har ikkje uttalt seg, men vi ser på Byfjellene som relativt uproblematisk.
Odda. Små merknader. Det vil bli små endringar frå oss

Usikker på:

Etne – små merknader, ikkje forslag om arealreduksjon, men området er stort og vi vil truleg foreslå reduksjon.
Ulvik - er ikkje med i vårt forslag, men foreslår sjølv Finse.

Sjå to alternative resieruter og møteplanar. Vi må vere forberedt på å snu ruta avhengig av når kommunane kan
Ber om kommentarar så snart som mulig. Er dette realistisk?

Helsing
Kristi
Seksjon for arealplanlegging
Tlf 982 02 846